



Grupperapport Volleyball 2023.

Gruppestyrets beretning

Stovner Sportsklubb volleyballgruppe sitt styre har bestått av:

- Jørgen Wammer, leder
- John Walstad, administrerende leder
- Liin Nguyen, nestleder

Det har vore avholdt 4 ordinære styremøter i 2023.

Viktige saker har vore oppfølging av ulike prosjekt:

- Storbytiltak med åpen hall for barn / OIK,
- Storbytiltak med open hall for ungdom, OIK / Bydel Stovner,
- Diamantvolleyball og Unified-trening / NVBF og OIK.
- Smashing Fredag for ungdom / Idrett utan alkohol,
- Volleyball for alle / OIK,
- Sommerprosjekt 2022 / OIK / Gjensidigestiftelsen / Bydel Stovner
- 60+ volleyball.
- Bevegelsesglede i Osloskolen; samarbeidsprosjekt mellom volleyballgruppa i SSK/Oslo Idrettskrets og Stovner Skole Aks/Utdanningsetaten.
- Utveksling der vi har fått Rejoice Munendevelyi i klubben via avtale mellom Norges Idrettsforbund og Zimbabwe, september 2022 – juni 2023.

Sportsleg har vi ein fin vekst i antall lag både på senior og junior sida i klubben. For kvinner stiller vi med lag i både 4. og 5. div. i år (to lag i 5.divisjon og et lag i 4.divisjon). For menn har vi lag i 3. divisjon + tre lag i 5. divisjon. Det ligger an til at fleire av laga kvalifiserer seg til opprykk neste sesong. På juniorsida har vi stilt med to lag for både jenter og gutter i u15 og u17 serier. I U19 har vi stilt med både jenter og gutter i ungdomsserien, til tider to lag på jenter u19. Potensialet for å stille med endå fleire lag i ungdomsserien er tilstades.

Vi har mange ungdommer som trener fast med oss, men som av ulike grunner ikkje deltar i seriespill. Volleyballgruppa har utfordringar med lagledere til turneringar, mange av dei faste trenarane er

eldre ungdom som også spiller seriekamper same helg/dag. I tillegg sliter vi med at det er for få som kører til borte-arr. Også kostnad med personlig lisens trur vi kan være årsak til at fleire ikkje deltar i seriespillet.

Et høgdepunkt for oss har vore å arrangere RM for u19 på Ekeberg. Det vart heile 8 baner og spelarar frå heile Østlandet. Vi kvalifiserte oss ikkje til NM på u19 men fornøgd med bra innsats av laga. Vi har høgare ambisjonar på u19 neste år.

Vi arrangerte NM-kvalik for senior i beachvolleyball.

Vi fikk også Norgesmester i u15-klassen på guttesiden i beachvolleyball (Liam Karlsen).

På guttesida kvalifiserte vi oss både til g15 og g17 NM. Det vert spelt seinare i vår.

Stovner Sportsklubb har også fått tildelt NM for vidaregåande skuler i 2025. Det gleder vi oss til!

Økonomisk redder dugnader og tilskudd til ulike prosjekt mykje av økonomien i gruppa. Store deler av inntektene kjem frå tilskudd til ulike prosjekt der gruppa legger ned ein stor innsats i søknader og gjennomføring. Med alle prosjekta medfører det også mykje jobb. Mange ungdommer får honorar og lønn for oppdrag som trenarar og instruktørar i volleyballgruppa. Dette gjeld i sommarprosjektet, som trenarar for personer med nedsatt funksjonsevne og for lavterskeltilbuda våre som åpen hall for barn og unge.

Volleyballgruppa bør jobbe for at inntekter frå treningsavgifter og ordinære dugnader (som åpen hall etc.) står for hoved-delen av økonomien.

Sjølvs om økonomien viser overskudd og penger på bok, så er det bekymring i styret rundt bruk av leigebiler/taxi til kampar og antall som får honorar i gruppa for trener/instruktørjobber.

Volleyballgruppa må ha gode rutiner i framtida for kvartalsvise/regelmessige økonomi-rapporter.

Framover i 2024: Oppfølging av medlemmer og treningsavgift vil i 2023/24 være ei prioritert oppgave for volleyballgruppa. Oppfølging av prosjekt med bygging av sandvolley-anlegg på Rommen grus vert også ei viktig oppgave i 2024, saman med oppfølging av prosjekt som gjeld både lavterskel og inkludering. Sportsleg ønsker vi å heve kvaliteten på våre beste lag, samtidig som vi skal fortsette å være eit lavterskel-tilbod i Bydel Stovner, der mange kan spille for ei rimelig avgift.

Konklusjon; Nok eit godt år i volleyballgruppa. Aktiviteten er større enn nokon gang, og vi har opplevd ein god vekst i antall lag og opplever støtte til mange av våre prosjekt. Mange barn og unge ønsker å spille med oss. Vi er fortsatt litt få ressurs-personer i volleyballgruppa. Det er mykje jobb med drift på få personer. Her vil vi jobbe med inkludering og integrering for å få med endå fleire frivillige i drifta av gruppa.

Volleyballgruppa meiner sjølv vi tar eit stort sosialt ansvar for at flest mulig skal ha mulighet til å delta på våre aktiviteter; Sittevolleyball, diamantvolleyball, inkluderingsprosjekt (1 mill. i støtte frå Lotteri og Stiftelsestilsynet til SSK), sommerprosjekt, Bios-prosjektet og Åpen hall for både barn og unge er eksempel på tiltak som kjem mange ulike grupper til glede.

Skal volleyballgruppa fortsette med å bidra med alle prosjekt for glede for mange i nærmiljøet vårt, så må vi ha administrasjon som kan følgje opp dette.

Gruppestyret i SSK Volleyball, Stovner, 11/3-24.

Jørgen Wammer

John Walstad

Liin Nguyen